



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Kontakt saksbehandlar  
Bjørn Mo, 51568909

## Uttale til søknad - konsesjon - Stavanger 245/1 - Sokn solkraftverk - Novå AS

**Statsforvaltaren i Rogaland er, med omsyn til både landbruk og natur, kritiske til etablering av Sokn solkraftverk. Arealbeslaget og konsekvensane strir mot nasjonale og vesentlege forventingar knytt til jordvern. Tiltaket vil beslaglegge store funksjonsareal som er hekkeområde for truga artar. Dette er ikkje nødvendigvis eit klimatiltak og kan ha negative konsekvensar for klima. Solkraft må plasserast på dei riktige stadene. Me rår klart ifrå etablering av Sokn solkraftverk.**

Me syner til brev frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) av 03.11.2023 om høyring av søknad om Sokn solkraftverk i Stavanger kommune.

### Bakgrunn

Novå AS søker for å bygge, eige og drive eit solkraftverk på Sokn i Stavanger kommune. Anlegget har ein planlagt installert effekt på 15 MWp og området er på om lag 215 dekar. Det består i dag av ein kombinasjon av innmarksbeite og fulldyrka mark.

Det er planlagt at solkraftverket skal drivast i kombinasjon med innmarksbeite for sau. Solkraftverket vil vere inngjerda.

### Vår vurdering

Me står i ein alvorleg situasjon når det kjem til natur- og klima. Det er viktig at arbeidet med å betre situasjonen for natur og klima blir sett på under eitt. Det eine målet må ikkje slå bein under arbeidet for det andre. Utbygging av fornybar kraft kan være positivt for klima, men berre om det erstattar ein ikkje-fornybar energiproduksjon. Vidare er det viktig med jordvern for å sikre matproduksjon. I eit beredskapsperspektiv har dessverre dette blitt meir aktualisert dei siste åra.

### Klima

Tiltakshavar skal ha ros for initiativet og for å tenke utanfor boksen. Samstundes må eventuelle avgjersler tas på eit korrekt slutningsgrunnlag.



Me ser positivt på tiltak som bidreg til grøn omstilling og som gir ein positiv effekt på klimagassutsleppa i regionen, i tråd med nasjonale føringar og internasjonale forpliktingar.

Tiltaket vil med stort sannsyn ha negative konsekvensar for klima. Me er ikkje einig i bruken av europeisk energimiks, og meiner bruken av denne vil gje feilaktig utgangspunkt for klimabudsjettet og prosjektet som heilskap. Norsk energimiks er berekna av NVE<sup>1</sup> og har ein faktor på 19 gram CO<sub>2</sub>e/KWt. Dette er ein lågare klimagassutsleppsfaktor enn det tiltakshavar gir for sitt prosjekt. Ut frå talgrunnlaget til søkjar, kan ein derfor ikkje konkludere med at dette får ein positiv klimaeffekt. I tillegg er det manglar ved klimabudsjettet, der det er fleire indirekte utslepp som ikkje er med. Me ser og at det er nytta mineraljord som utrekningsgrunnlag for utsleppsfaktorane i arealdisponeringa, og me kan ikkje så kor denne klassifiseringa er henta frå.

Me minner om at tiltak gjort på areal som innehald CO<sub>2</sub>, anten areala er rekna som karbonrike eller ei, i utgangspunktet ikkje bør rørast så fremt det er andre alternativ. Solkraft kan etablerast på tak og fasadar og andre allereie omdisponerte areal.

### Landbruk

Arealet er i dag jordbruksareal og etter inndelinga i konsekvensutgreiinga (KU) er område 1, 2a og 2b innmarksbeite og område 3 fulldyrka jord. Det er planlagt å nytte arealet som beite til sau når solkraftanlegget er ferdig montert.

Øyane i tidlegare Rennesøy kommune (no Stavanger) har generelt svært god kvalitet på jordbruksareala og har gode klimatiske tilhøve for grovfôrproduksjon. Avlingspotensialet i desse områda er blant dei beste i Noreg, og det er normalt med høge avlingsnivå i grovfôrproduksjonen. Når det i konsekvensutgreiinga blir vist til ei forskingsrapport som seier at innmarksbeite produserer 120 FEM (foreiningar mjølk) per dekar kan sikkert dette stemme for delar av Noreg. Med dei klimatiske forholda og jordsmonnet i denne regionen er 120 FEM relativt lågt og tal for avling i Rogaland ligg jamt vesentleg høgare. Forsøk på innmarksbeite på Sokn viser avlingstal på om lag 750 FEM per dekar. Det er i samband med konsekvensutgreiinga ikkje gjort jordsmonnkartlegging eller avlingsberekningar og det er derfor ikkje grunnlag i KU for å konkludere noko med omsyn til produksjonsevna til jorda eller kvalitet. Me viser i denne samanheng til at verdiklassar frå AR5 og DMK er hefta med ein usikkerheit. Me meiner KU for landbruk er gjort med utgangspunkt i eit for snevert kunnskapsgrunnlag til å konkludere med dei verdiar som blir oppgitt for dei ulike areala.

Solcellepanela blir planlagt med ein avstand på 4-8 meter. Me kan ikkje sjå at det er laga noko sol/skugge-kartlegging som følgje av planlagt utbygging. Men med ein slik avstand og planlagt høgde på panela på 3,2 meter er det grunn til å tru at det vil vere betydeleg skuggelegging av jordbruksareala gjennom store delar av døgnet og året. Berre i tidsrommet når sola står høgast kring sumarsolkverv, er det mogleg at areala som ikkje er dekt med solcellepanel vil vere solfylt. Me kan ikkje sjå at det er vurdert konsekvensar av redusert lystilhøve med omsyn på plantevekst. Det blir vist til utanlandsk forskning, men desse er, slik me les, frå sydleg breiddegrad med andre høve til både sol og klima. Produksjonsegenskapane heng saman med korleis jorda blir brukt. For å oppretthalde ei rik fauna av mikroorganismar i jorda er det vesentleg at det førekjem eit varig plantedekke. Når sollys treff solcellepanel framfor blad på plantene vil desse ikkje kunne gro slik tilhøve var før etablering og veksten vil bli redusert, med tilsvarande påverknad på mikroorganismefauna i jord. Mikroorganismar har avgjerande betydning for jordas produksjonsevne. Meir skugge vil mogleg

---

<sup>1</sup> <https://www.nve.no/energi/energisystem/kraftproduksjon/hvor-kommer-stroemmen-fra/>



også gjere at plantane tolerer beite i lågare grad og fare for overbeiting blir då ein konsekvens. Overbeiting vil kunne gjere at plantedekke forsvinn. Eventuelt kan meir skuggetolande artar bli favorisert, desse har lågare fôrverdi. Me kan ikkje sjå at konsekvensar for plantevekst er vurdert som følgje av etablering av solcelleanlegg. Det er grunnlag for å meine at etablering av eit solcelleanlegg vil kunne redusere planteveksten og fôrverdien betydeleg som følgje av etablering av solcelleanlegg. Me kan heller ikkje sjå at varmessress hos sau er eit like stort problem i Rogaland som i sydelagare område, og at tiltaket dermed ikkje vil kunne tilskrivast tilsvarende positiv effekt.

Ein avstand på 4–8 meter mellom panela vil gjere det krevjande å gjere naudsynt jordarbeid slik som gjødsling, kalking og plantevern. Slikt arbeid vil måtte skje med smått utstyr tilpassa ATV og krevjar meir tid og ressursar enn med større utstyr. Heile tiltaksområdet er i dag godkjent som spreieareal for husdyrgjødsel. På fulldyrka/overflatedyrka jord kan det nyttast gjødslingsutstyr som legg gjødsla på eller ned i jorda. Det er likevel mest vanleg å bruke breispreiing på fulldyrka jord og kanon på innmarksbeite. Dette vil vere uaktuelt i eit solcelleanlegg grunna tilgrising av panela. Manglande spreieareal er kostnadsdrivande for jordbruket. Det må derfor påreknast å bruke mineralgjødsel eller pelletert husdyrgjødsel for å holde jorda i hevd. Me kan ikkje sjå at dette er tatt med i konsekvensutgreiinga. Me kan heller ikkje sjå at det i KU er tatt med at det vil vere restriksjonar på bruk av husdyrgjødsel i ein radius på 100 meter frå anlegget. Innanfor 100 meter til anlegget er areala i hovudsak jordbruksareal kor det meste er fulldyrka jord. At restriksjon i bruk av husdyrgjødsel ikkje er tatt med i KU, gjer at konsekvensane av eit solcelleanlegg blir underkommunisert og den faktiske negative verknaden for jordbruk er langt høgare.

I Rogaland er det underskot på spreieareal for husdyrgjødsel. Det er klart uheldig dersom innmarksbeite med høgt produksjonspotensiale blir sett ut av normal produksjon, og går ut som spreieareal for husdyrgjødsel. For Rogaland sett under eitt fører tap av spreieareal til at meir gjødsel må transporterast til andre delar av landet (kostnads-krevjande og CO<sub>2</sub> negativt), eller handterast på anna vis.

Me kan ikkje sjå at det er presentert korleis anlegget skal forankrast i bakken. Det blir vist til både jordspyd og fundament. Arealane må også planerast for å få ein jamn overflate. Me legg til grunn at som del av planeringa må det etablerast eit nytt plantedekke. Å få til eit jordbruksareal eigna for plantevekst etter planering, må reknast å ligge tett opp til nydyrking. Å dyrke opp eit areal er ein arbeids- og kostnads-krevjande oppgåve og krev betydeleg arbeid i ettertid med gjødsling, kalking og jamn plantevekst i fleire år for å kunne etablere eit varig og beitetolande plantedekke. Det handlar om å reetablere eit nytt jordsmonn etter at jorda blir rørt om som følgje av planering. Me viser også til at det er eit forbod mot nydyrking av myr, jf. § 5 forskrift om nydyrking. Området er svært utsett for sterk vind, og det kan vere eit behov for fundamentering. Fundamentering krev også terreng-inngrep. Med det vindfanget eit solcellepanel vil gje i nordleg retning, er det stor moglegheit for at det vil ha store konsekvensar for panela. Det er ikkje uvanleg med sterk vind frå nord-vest i dette området. Her må ein ta høgde for storm frå vest og nord-vest, sjå merknadar under samfunns-tryggleik.

I tillegg til det direkte arealbeslaget, vil solcellenanlegget som følgje av redusert solinnstråling og mogleg reduksjon i jordarbeid, føre til at fôrproduksjonen på arealet går ned og slik sett ha eit indirekte arealbeslag. Me viser i denne samanheng til nyleg skjerpa nasjonalt og regionalt jordvernsmål på høvesvis maksimalt 2000 dekar nasjonalt og 200 dekar regionalt. Heile anlegget er større enn kva det regionale jordvernsmålet er. Sjølv om ikkje heile arealet blir direkte beslaglagt, vil ein kunne si at arealet meir eller mindre er beslaglagt for dei fleste jordbruksproduksjonar. Etablering av eit slikt anlegg vil derfor kome i konflikt med nasjonalt og regionalt jordvernsmål og føringar om auka matproduksjon på eigne ressursar.



Konsekvensutgreiinga bygger på manglande kunnskap og kunnskap som ein ikkje veit er egna for området. Konsekvensutgreiinga har heller ikkje vurdert dei fulle verknadane av etablering av eit slikt solcelleanlegg. Med bakgrunn i nasjonale og vesentlege forventingar knytt til jordvern må me klart **rå i frå** etablering av solkraftanlegg.

### Natur

Landskapet i tiltaksområde er variert og består av ein mosaikk av myr og utmarksbeite, skog og fulldyrka areal. Området er kystnært og med eit mildt klima. Potensialet for ein stor variasjon av artar er høgt.

Tiltaket krev store tekniske inngrep, drenering av myr, masseutskifting og meir. Dette vil bety ein total øydelegging av fleire nøkkelbiotopar. Me kjenner oss ikkje igjen i biletet som presenterast i planen om tilbakestilling etter at konsesjon er gått ut.

### *Fugl og verdsetting*

Tiltaket får konsekvensar for eit betydeleg område på om lag 215 dekar. Her er det ulike biotopar og tiltaket får difor konsekvens for ei rekke fugleartar. Artar vil både forsvinne frå området på grunn av arealendringane i seg sjølv og fordi dei skyr uoversiktlege område med tekniske installasjonar.

Det finnes ein allmenn tilgjengeleg samlelokalitet for Sokn i artsobservasjonar. Presisjonen er noko lav, men registreringane viser relevante artar. Plottet for lokaliteten ligg i tiltaksområdet, og nordaustre del av Sokn som er også det området med mest infrastruktur. Det er difor rimeleg å anta at mange observasjonar er gjort i eller i nærleiken av tiltaksområdet. Ikkje minst fordi ein ofte ser ein større bruk av underlokaliteter, om posisjon for superlokalitet ikkje samsvarar med området der fuglen blei observert. 26 raudlisteartar er observert på lokalitet Sokn. Me vurderer følgande 10 raudlisteartar som særleg relevante i saka:

Tabell 1 – Særleg relevante raudlista fugleartar.

Art	Raudlistekategori	Delområde	Bruk
Vassrikse	Sårbar (VU)	N2	Trekk- og overvintring
Tjeld	Nær truga (NT)	N1 og N3	Hekkelokalitet (N1 og N3)* og (overvintringslokalitet) (N3).
Vipe	Kritisk truga (CR)	N1, N3 og N4	Hekke- og trekklokalitet.
Storspove**	Sterkt truga (EN)	N1, N3 og N4	Hekke- og trekklokalitet.
Raudstilk	Nær truga (NT)	N1 og N3	Hekke- og trekklokalitet.
Fiskemåke	Sårbar (VU)	N1, N3 og N4	Hekkelokalitet (N1) og trekk- og overvintringslokalitet (N3 og N4).
Gråmåke	Sårbar (VU)	N1, N3 og N4	Hekkelokalitet (N1) og trekk- og overvintringslokalitet (N3 og N4).
Songlerke	Nær truga (NT)	N1 og N4.	Hekke- og trekklokalitet.
Stær	Nær truga (NT)	N1-N5	Samlet sett både hekke-, trekk- og overvintringslokalitet.
Gråspurv	Nær truga (NT)	N1-N5	Samlet sett ein heilårslokalitet.

\*Fulldyrka mark (N4) er i utgangspunktet også eigna som hekkeområde for tjeld, men produksjonstypen (gras) gjer at det per dags dato ikkje reknast som eit attraktiv hekkeområde.

\*\*Enkelte storspovar vil kunne overvintre i området.



I Multiconsult si konsekvensutgreiing blir det sagt at tiltaksområdets verdi primært er knytt til områdets betydning for raudlista kulturlandskapsartar som vipe (CR), storspove (EN) og songlerke (NT). Deira verdsetting av dei ulike delområde er gjengjeven i tabell 2.

Tabell 2 – Multiconsult sin verdsetting av dei ulike delområde.

Delområde	Arealtype	Verdsetting
N1	Hekkeområde for vipe m.m.	Svært stor
N2	Teig med ung krattskog.	Noko
N3	Restarealer (grunnlendt mark)	Middels
N4	Fulldyrka mark	Noko
N5	Bebygde område	Ubetydeleg
N6		Stor

Statsforvaltaren ser grunn til å endre på verdsetting av fleire område, både fordi Multiconsult har brukt konsekvensvifta feil og fordi me har henta fleire data. Me gir endringar i verdsetting på bakgrunn av følgjande to punkter:

- **Delområde N4 får svært stor verdi.** Det fulldyrka arealet er eit hekkeområde for vipe, som er ein kritisk truga art, og arealet får difor automatisk svært stor verdi.<sup>2</sup> Multiconsult kan ikkje gjere ein generell vurdering av hekkesuksess og endre verdsetting slik dei har gjort i denne saka:

*«Enkelte par av vipe, storspove og sanglerke vil kunne forsøke å hekke her, men hekkesuksessen vil normalt være lav grunnet maskinell høsting av arealene. Delområdet er vurdert å ha noe verdi.»*

Sjølv om det ikkje er relevant for utfallet av verdsetting, vil me likevel og påpeike at hekkesuksess på fulldyrka mark varierer mykje. Suksessen er ofte større i områder der ein driv mindre intensivt. I gamle Rennesøy kommune er det mange område der det drives mindre intensivt og vipa gjer det ganske godt i området. Sumaren 2023 vart det observert 30 vipeungar i og ved tiltaksområdet (Stavanger kommune v/ naturforvaltar Vegard Ankarstrand, personleg kommunikasjon).

- **Delområde N2 får middels verdi** på grunn av dei landskapsøkologiske samanhengane og skogen som eit lokalt viktig område for vilt- og fugletrekk.

I konsekvensutgreiinga har Multiconsult vurdert landskapsøkologiske funksjonsområde, men kom til følgjande konklusjon:

*«Landskapsøkologiske funksjonsområder defineres ofte som «grønn infrastruktur», som kantvegetasjon langs vassdrag, skogteiger i kulturlandskapet, etc. Disse områdene bidrar ofte til å binde sammen viktige økologiske funksjonsområder for ulike arter og er dermed viktige for å opprettholde sentrale økologiske prosesser i et fragmentert landskap.»*

<sup>2</sup> Tabell 1: Verditabell for naturmangfold. Naturmangfold med stor eller svært stor verdi inngår i rundskriv T-2/16. Se veiledning for mer utfyllende informasjon om og veiledning til verdsetting av de ulike verdikategoriene: 1.4 Sette verdi - Miljødirektoratet (miljodirektoratet.no)



*Det er imidlertid ikke kjent at influensområdet har noen spesiell landskapsøkologisk funksjon, noe som tilsier ubetydelig verdi.»*

Statsforvaltaren er av ei anna vurdering, og meiner at dette nettopp er ein skogteig i kulturlandskapet som er viktig for å oppretthalda sentrale økologiske prosessar i eit fragmentert landskap. Skogsteigar i kulturlandskapet er anerkjent som viktige område for biologisk mangfald, jf. NIBIO<sup>3</sup>.

Skogen er i konsekvensutgreiinga karakterisert som «teig med ung krattskog». Ei slik framstilling er etter vår vurdering ei forenkling. Området er i utgangspunktet ei myr som har blitt kanalisert. Langs desse grøftene/kanalane står trær, hovudsakeleg selje, som er fleire tiår gamle. I området elles er det hovudsakeleg yngre trær. På tidspunkt for synfaring i desember var det også fleire små dammar, særleg i den nordlegaste delen og området har difor eit sumpkogsprege.



Figur 1 – Større seljetre langs ei dreneringsgrøft.

Under synfaring den 12. desember 2023 blei det i skogen observert 6 rugder, 1 enkeltbekkasin, 1 drepen vassrikse (VU) og 2 drepne rugder. Rugde er ein typiske art i fuktige skogsmiljø og vassrikse har ein sterk preferanse for område med vasspegel og skjul.

---

<sup>3</sup> [Mellomrommene i jordbrukslandskapet - Nibio](#)



Observasjonane viser at arealet har betydning som leveområde for desse artane. Totalt blei det gjort funn av 10 fuglearter i delområde N2 denne desemberdagen.<sup>4</sup>

Vidare er dei fleire punkt som aukar verdien til dette arealet. Det er det einaste større samanhengande område med skogspreg på heile Sokn. Ei øydelegging av dette arealet kan føre til at arter som lever på Sokn kan forsvinne om skogen forsvinn. Slik arealet står i dag får det ein brei variasjon av artar, både blant fugl, insekt, mose og karplantar. Årsaka er at ein har fuktig og tørre areal side som side.

Under synfaring blei det funne vassrikse (VU) på lokaliteten. Sårbare (VU) arter og deira funksjonsområde skal gis stor verdi. På bakgrunn av dette funnet kan ein argumentere for at delområde N2 er eit funksjonsområde for denne sårbare arten. At delområde kan få endra verdsetting frå noko til stor verdi på grunn av ein tilfeldig synfaring i desember, viser nettopp kor tilfeldig dette kan bli. Ein skal ta utgangspunkt i faktiske observasjonar, men datagrunnlaget for lokaliteten er svakt. Det er difor høgst relevant å vurdere skogen sitt potensial for funn av andre raudlista artar i denne saka.

Som nemnt har skogen stor lokal verdi for arter som lever i skogsmiljø. Vidare er Sokn kystnært og skogsareal har stor betydning for fuglearter under trekk. Svært mange arter og individ vil vere innoom ein slik skog gjennom året, og fleire av desse er raudlista. Ved gjentakande besøk og kartlegging gjennom eit år vil ein trygt finne fleire raudlista fuglearter. For å vurdere potensiale har me gjort eit søk på funn av raudlisteartar sett i gamle Rennesøy kommune i artsobservasjonar<sup>5</sup> og gjort ei vurdering på om det er potensiale for funn av desse artane i delområde N2. I tabell 3, under har me gjengjeve dei raudlista fugleartene me vurderer som relevante for delområdet.

Tabell 3. Raudlista fuglearter observert i gamle Rennesøy kommune med relevans for delområde N2.

Art	Betydning	Vurdering av relevans
Gauk (NT)	Trekk- og hekkelokalitet	Årleg under vår- og hausttrekk. Enkelte fuglar vil kunne hekke i området, men naboøyar vurderast som betre hekkeområde.
Vassrikse (VU)	Trekk- og overvintringslokalitet.	Særleg relevant under hausttrekk. Enkelte fuglar vil kunne forsøke å overvintre, men bli pressa bort i frostperiodar.
Sivhøne (VU)	Trekklokalitet	Noko potensiell under trekk, men ikkje særleg relevant.
Hønehauk (VU)	Hele året	Raste- og næringsøksområde.
Granmeis (VU)	Trekklokalitet	Vil bruke området under trekk, hovudsakeleg haust.
Sandsvale (VU) og taksvale (NT)	Næringsøk under trekk og i hekketid.	Noko relevant, då skogen bidrar med insektproduksjon som svalar tar i lufta langs skogkanten og over skogen.
Grashoppesonger (NT)	Trekklokalitet	Vår- og haust. På grunn av fuktigheta også potensiell hekkelokalitet, men sannsynligheta er vurdert som låg.
Hauksongar (CR)	Trekklokalitet	Fåtalog under hausttrekk. Ikkje sikkert den er årleg.

<sup>4</sup> <http://www.artsobservasjoner.no/Share/ViewSightingAsTable/8282005/BF361B20> (lasta ned 05.02.2024)

<sup>5</sup> <http://www.artsobservasjoner.no/Share/ViewSpeciesList/8281891/C8E48AC5> (lasta ned 05.02.2024)



Grønfinnk (VU)	Trekk- og hekkelokalitet	Er å sjå året rundt i gamle Rennesøy kommune. Vurderast mindre relevant for delområde N2 på vinteren fordi arten føretrekker andre biotopar eller føringar på denne årstida.
Gulspurv (VU)	Trekk- og hekkelokalitet	Størst relevans for fugl under trekk. Gulspurv (VU) er ei fåtalig hekkefugl i gamle Rennesøy kommune. Me vurderer at Sokn har potensiale som hekkeområde for arten.
Nattergal (NT), svartrødstjert (EN), svartstrupe (EN), rosenfink (NT) og dvergspurv (VU).	Trekklokalitet	Dømer på fåtalige trekkgjester som vil kunne treffast i og i kanten av areal som delområde N2. Alle arter er observert i gamle Rennesøy kommune

Hovudpoenget med å lage denne tabellen er ikkje enkeltartane i seg sjølv, men å synleggjere at delområde N2 har stor betydning for arter knytt til skogsmiljø til alle årstider. Delområde N2 er det einaste av sitt slag på heile Sokn. Verdien aukar og på grunn av fuktigheita.

Etter denne vurderinga blir Multiconsult sin tabell med verdsetting av område endra for to delområde, gjengjeven i tabell 4.

Tabell 4 – Multiconsult sine delområde med ny verdsetting etter oversjåande punkter.

Delområde	Arealtype	Ny verdsetting	Verdsetting frå Multiconsult
N1	Hekkeområde for vipe m.m.	Svært stor	Svært stor
N2	Teig med ung krattskog.	Middels	Noko
N3	Restarealer (grunnlendt mark)	Middels	Middels
N4	Fulldyrka mark	Svært stor	Noko
N5	Bebygde område	Ubetydeleg	Ubetydeleg
N6	Naturbeitemark	Stor	Stor

Å dele inn tiltaksområde i delområde har og ein svakheit ved at konsekvensutgreiinga ikkje fullt tar innover seg konsekvensar på tvers av delområde. Til dømes kan me ikkje sjå at verken stare (NT) eller gråspurv (NT) har hatt påverknad på verdsetting av områda. Me vil difor påpeike at tiltaksområdet som heilskap er både eit hekke- og funksjonsområde for desse artane. Stare og gråspurv er to nær truga artar og deira funksjonsområde skal ha middels verdi etter verditablell for naturmangfald, men som ikkje har gitt utfall i konsekvensutgreiinga.

Frå konsekvensutgreiinga:

- «Andre rødlistearter som **stær** og rødstilk (sistnevnte ble registrert like utenfor tiltaksområdet) bruker trolig også tiltaksområdet, men da primært til næringssøk.»
- «Det siste delområdet, N5, består av bebygde arealer på Sokn. Disse områdene er i utgangspunktet vurdert å ha ubetydelig verdi for fugl, selv om arter som bl.a. gråspurv (NT) og **stær** (NT) kan hekke her.»





### Fugl og påverknad

Vår klare oppfatning, med støtte frå litteraturstudie<sup>6</sup>, er at solcellekraftverket vil vere klart negativt for dei truga landbruksfuglane i tiltaksområdet. Storspove og vipe er dømer på artar som ikkje vil hekke mellom solcella. Viper kan i noko grad bruke området til næringsøk, men området vil ikkje lengre vere attraktivt. I tillegg til sjølve arealbeslaget kjem arealendringar i form av å fundamentere solcella og å skifte ut massar. Songlerke er ein sporvefugl som i mindre grad er avhengig av like store siktelinjer som storspove og vipe. Denne arten kan hekke mellom solcellepanel, men føretrekk å hekke i områda utanfor.<sup>7</sup>

I konsekvensutgreiinga er det konkludert med at dei fleste registrerte kulturlandskapsartane innanfor tiltaksområdet på Sokn vil kunne bruke arealet til næringsøk og etter utbygging. Det er meir usikkert om artar vil hekke der. Det er difor lagt til grunn at tiltaket vil føre til ei svekking av arealet sin attraktivitet som hekkeområde for fugleartar knytt til kulturlandskapet.

Statsforvaltaren er einige i konklusjonen der ein legg til grunn ei svekking av arealets attraktivitet. Men me meiner dette i større grad og bør være gjeldande for området som eit næringsøksområde. Me er vidare kritiske til den generelle vurderinga av artar som ikkje skil på typar og raudliste-status. Dette utkrystalliserer seg særleg tydeleg i Multiconsult sin konsekvensvurdering av delområde N4:

*«For delområde N4 er konklusjonen at tiltaket vil kunne øke artsmangfoldet på den delen av tiltaksområdet som per i dag består av intensiv drevet, fulldyrket mark (45,6 daa), ved at det omgjøres til beitemark for sau, noe som da tilsier noe miljø- forbedring for deler av dette delområdet (som også omfatter øvrige arealer av fulldyrket, intensivt drevet dyrket mark på Sokn)»*

Statsforvaltaren meiner at denne konklusjonen gjer eit ukorrekt bilete av situasjonen når ein ikkje skil på fugleartar og deira raudlistestatus. Delområde N4 får svært stor verdi på grunn av hekkande raudlista fugleartar som vipe, storspove og songlerke. Det er ei rekke vanlege sporvefuglartar som kan hekke i og ved solkraftverket. Men ein kan ikkje argumentere med et dette gir ei miljøforbetring fordi ein aukar artsmangfoldet, særleg når denne endringa betyr at raudlista artar, inkludert ein sterkt truga art, mister sitt funksjons- og leveområde. At eit tiltak har positiv effekt på andre artar enn dei som vert påverka negativt vil ikkje kunne vurderast som avbøtande. Avbøtande tiltak skal vere relevante i forhold til dei naturverdiane som går tapt. Det kan dei ikkje seiast å vere i dette høve.

### Pattedyr

Skogen og området har lokal betydning for pattedyr på Sokn. Tiltaket vil både føre til øydelegging av areal og solcella vil legge beslag på store areal. Tapet i funksjonsområde blir særleg tydeleg når solkraftverket blir med inngjerding.

### Konklusjon natur

Av omsyn til naturverdiane, jf. forvaltningsmål for naturtypar og økosystem (naturmangfaldlova § 4) og forvaltningsmål for artar (naturmangfaldlova § 5), vil me klart **rå i frå** etablering av solkraftanlegg på denne lokaliteten.

<sup>6</sup> Taylor, R., Conway, J., Gabb, O. & Gillespie, J. (2019). Potential ecological impacts of groundmounted photovoltaic solar panels. [Online] Accessed: <https://www.agrisolarclearinghouse.org/wp-content/uploads/2022/02/Taylor-et-al-2019.pdf>

<sup>7</sup> Montag H, Parker G & Clarkson T. (2016). The effects of solar farms on local biodiversity: a comparative study. Clarkson and Woods & Wychwood Biodiversity.



### Samfunnstryggleik

Sokn solkraftverk skal ikkje etablerast i direkte nærleik til anna verksemd eller bygningar og spreingsfara ved evt. brann er vurdert som låg. Me ber NVE/tiltakshavar i ein eventuell vidare prosess om at brannvesenet må få saka på høyring.

Det er ikkje identifisert andre risiko relatert til solkraftverket. Statsforvaltaren stiller spørsmål til i kva grad det er fare for at panel kan lausne og få konsekvensar for bygningar, kraftliner eller trafikken på E39. Sokn er eit vêrhardt område med nordvestlege vindar som dominerande. Me ber NVE vurdere om ekstremvêr med sterk vind vil kunne utgjere ein risiko for nærliggande busetnad, infrastruktur eller andre verdiar. Dette bør vurderast nærmare i ein ROS-analyse.

Tilstrekkeleg sikring av panela vil vidare kunne ha konsekvensar for grad av fundamentering. Dette vil igjen ha påverknad på klimarekneskap, naturmiljøet og landbruk.

### **Konklusjon**

Solkraft må plasserast på dei riktige stadene. I dette høve får det negative konsekvensar for landbruk og natur. Me kan heller ikkje sjå at dette er eit klimatiltak. Me rår i frå etablering av Sokn solkraftverk.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)  
statsforvalter

Marit Sundsvik Bendixen  
fylkesmiljøvernssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Stavanger kommune  
ROGALAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 8001  
Postboks 130 Sentrum

4068 Stavanger  
4001 STAVANGER